



VESTLANDSKE TEATERSENTER

årsmelding 2004

INNHALD

2. Dei viktige ideane
3. Melding frå styret 2004
4. Rekneskap 2004
7. Revisjonsmelding
8. Styret, valnemnd og revisor
9. Personalet
10. Aktivitetar i 2004
11. Medlemsorganisasjonar
11. Vedtekter for Vestlandske teatersenter



Dei viktige ideane

Ein gong for mange tusen år sidan sat det eit menneske ved ei elvbreidd og samla vatn i handa for å stagge tørsten. Kanskje var det det same mennesket som irriterte seg grenselaust over den tungvinte måten å få væske i kroppen, som fekk ideen til at vatn måtte kunne samlast i noko meir handfast enn nevane. Kanskje var det dette mennesket som laga det første kruset? Korleis det første kruset såg ut og kor mange som etter kvart fekk glede av denne oppfinninga er spanande. Men vel så spanande er den første ideen om kruset og prosessen fram til det endelege resultatet.

Teater er ofte leiken med idear, frå den første spiren og fram til framsyninga. Å ta barn og unge med i denne leiken betyr samarbeid, respekt og kreativitet. Stoltheita over den ferdige framsyninga kan også i periodar likestillast med stoltheita over å ha delteke i ei gruppe med mange andre, - for saman å ha fått til eit ferdig resultat.

Eit viktig stikkord er altså samarbeid:

” Eit ord
- ein stein
i ei kald elv.
Ein stein til -
Eg lyt ha fleire steinar
skal eg kome yver”

- Olav H. Hauge -

Forhåpentlegvis har vi inspirert små og store til å dyrke si teaterinteresse også i framtida; gjennom kurs, fram-syningar og teaterskole.

Profesjonalitet er sunt når det vert kombinert med audmjukheit og respekt. VT har hatt ein stor aktivitet som seier noko om at våre tenester er etterspurde og interessante. VT har lagt eit stødig fundament for framtidige aktivitetar. Kombinasjonen profesjonalitet, kreativitet og motivasjon gjer VT til ein god og inspirerende arbeidsplass. Vi vonar at dette også er noko våre samarbeidspartnarar merker seg. Vi er trygge på kva VT kan tilby og overbevist om at vi representerer eit viktig bidrag i tilbodet til barn og unge.



Og vi gler oss til nye utfordringar:

”I Parkerpennen er mange vers, ein heil kilometer,
og i blekkhuset er endå fleire,
mange mil. Papir
kjem i posten, rekningar, reklame, skjema
som skal fyllast ut.
Eg ser framtidi trygt i møte”

- Olav H. Hauge -

Med venleg helsing

Frøydis Otre
Adm.leiar



Melding frå styret 2004

OPPNÅDDE RESULTAT

Aktiviteten på Vestlandske Teatersenter har vore stor med blant anna følgjande satsingsområde:

- 7 Gjennomføring av kurs i Museumsformidling med stor suksess
- 7 Gjennomføring av kurs i VETLU
- 7 Teaterfaglege kurs for våre medlemsorganisasjonar, skolar og andre teaterinteresserte
- 7 Produksjon av 21 ulike teaterframсыningar med totalt 8572 tilskodarar
Til dømes:
 - Framсыninga "Tor med hammaren" som vart spelt både på Barnas Hus og på Bergen Sjøfartsmuseum, og som totalt gav 2716 barn i alderen 4 - 10 år ei spanande teateroppleving
 - Framсыning av "Hvem har tatt min venstre sko?" i Gamle Bergen Museum
- 7 Arrangør av Vestlandsmeisterskap i teatersport
- 7 Representert på den årlege Barne- og ungdomsteaterfestivalen på Stord
- 7 Utarbeiding av to nye framсыningar som skal visast for barnehagar og barneskolar våren 2005:
 - "Bjelleklang" ei framсыning for dei aller minste (1-3 år)
 - "Jenta i treet" ei framсыning for barn i alderen 5 - 12 år
- 7 150 elevar på Teaterskolen, fordelt på åtte grupper med undervisning tilsaman 17 timar i veka.

ØKONOMI OG PERSONALE

2004 har vore eit produktivt og kreativt år for VT, med ein sunn økonomi. Rekneskapen for 2004 viser eit overskot på kr 180 278,- som blant anna vil gje rom for nødvendige investeringar for komande år. VT har utvikla ein dynamisk organisasjon som går spanande tider i møte.

VIDARE DRIFT

Føresetnaden om vidare drift er til stades og lagt til grunn ved utarbeiding av årsrekneskapet.

LOKALE

Etter 2 gode år på Barnas Hus har VT nå fått nye lokale som verksemda flytter til i april 2005. Dei nye lokala blir i Industrihuset på Møhlenpris og vil forhåpentlegvis dekke VT sine behov i mange år framover.

UTFORDRINGAR

Styret ser det som ei prioritert oppgåve å utvikle samarbeid med andre profesjonelle teater- og kulturinstitusjonar i Bergen og på Vestlandet. VT sin kompetanse innan formidling, pedagogikk og teater for barn og unge står sterkare no enn nokon gong og styret ser det som særskilt viktig at det vert satsa tungt på desse områda og i framtida.

MØTEVERKSEMD

Det vart halde 7 styremøte samt Årsmøte i 2004.

ARBEIDSMILJØ

VT hadde ei langtidssjukemelding i 2004. Det har ikkje vore ulykker med personskader. Arbeidsmiljøet vert vurdert som godt, og ingen spesielle tiltak er sett i gang. Det er tilsett 1 mann og 4 kvinner totalt i organisasjonen. Styret og leiinga består av 3 kvinner og 3 menn.

YTRE MILJØ

Aktivitetane til VT påverkar ikkje det ytre miljø.

Styret takkar alle tilsette, medlemmar, samarbeidspartnarar, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune for konstruktivt samarbeid.

Bergen, 2. mars 2005

Styret i Vestlandske Teatersenter

Yngve Seterås
styreleiar

Beate Solvik
nestleiar

Berit Snøan
styremedlem

Kari Mjaaland Heggstad
styremedlem

Kari Hop Skiftesvik
vararepresentant for
styremedlem Jan-Christian Kolstø

Frøydis Flotve
styremedlem

Regnskap 2004

Resultatregnskap

	Note	2004	2003
Driftsinntekter			
Tilskot	2	2 760 418	3 101 826
Andre inntekter		861 473	1 104 718
Sum driftsinntekter		3 621 891	4 206 544
Driftskostnader			
Lønskostnad	4	1 883 829	1 808 049
Avskrivning	5	30 044	11 024
Andre driftskostnader	5	1 534 958	1 648 127
Annen driftskostnad		0	-1
Sum driftskostnader		3 448 831	3 467 199
Driftsoverskot		173 060	739 345
Finansinntekter og finanskostnader			
Annan renteinntekt		7 218	10 954
Annan rentekostnad		0	3 018
Netto finansinntekter		7 218	7 936
Årsoverskot		180 278	747 281
Overføringer:			
Overført til/frå annan eigenkapital		180 278	660 607
Udekka tap		0	86 674
Sum overføringer		180 278	747 281



Balanse pr. 31. Desember

Note	2004	2003
Anleggsmidler		
Varige driftsmidler		
Inventar, verktøy, kontormaskiner ol 5	117 567	37 460
Finansielle eigendelar		
Investering i aksjar	1 000	1 000
Andre fordringar	5 000	5 000
Sum finansielle eigendelar	6 000	6 000
Sum anleggsmidler	123 567	43 460
Omlaupsmidler		
Fordringar		
Kundefordringar	24 842	3 161
Andre fordringar	9 243	12 862
Sum fordringar	34 085	16 023
Bankinnskot, kontantar og liknande 3	1 257 475	1 207 880
Sum omlaupsmidler	1 291 560	1 223 903
Sum eigendelar	1 415 127	1 267 363

Note	2004	2003
Balanse pr. 31. desember		
Eigenkapital		
Opptent eigenkapital		
Eigenkapital	840 885	660 607
Gjeld		
Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld	32 200	19 928
Skuldig offentlege avgifter	150 601	139 991
Annan kortsiktig gjeld	391 441	446 837
Sum kortsiktig gjeld	574 242	606 756
Sum eigenkapital og gjeld	1 415 127	1 267 363

31. desember 2004

2. mars 2005

Yngve Seterås
Styreleiar

Berit Snøan
Styremedlem

Beate Solvik
Styremedlem

Kari Mjaaland Heggstad
Styremedlem

Frøydis Flotve
Styremedlem

Kari Hop Skiftesvik
Varamedlem for
Jan-Christian Kolstø
Styremedlem

Frøydis Otre
Dagleg leiar



Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapsplanen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapskikk.

Inntekter

Inntektsføring ved salg av varer og tenester skjer på leveringstidspunktet.

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Anleggsmidler er eigendelar meint til varig eige og bruk i verksemda. Anleggsmidler blir vurdert til kostpris, men blir nedskrivne til verkeleg verdi dersom ein ikkje forventar at verdifallet vil være forbigåande. Langsiktig gjeld blir balanseført til opptakskost. Omlaupsmidler og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år samt postar som knytter seg til varekrinslaupet. Andre postar er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omlaupsmidler blir vurdert til lavaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til opptakskost.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydende.

Note 2 - Tilskot

	2004	2003
Norsk Amatørteaterråd	932 418	901 372
Kulturdepartementet	961 000	930 000
Bergen Kommune	650 000	750 000
Hordaland Fylke	217 000	261 000
Folkeforbundet	0	259 454
Sum	2 760 418	3 101 826

Note 3 - Bundne bankmidlar

Av innestående på bankkonti 31.12. er kr 74 160 bunde som tryggleik for skattetreksmidlar.

Note 4 - Løn, godtgjersler, lån til tilsette m.m.


Lønnskostnader	2004	2003
Løn	1 647 316	1 535 020
Folketrygdavgift	232 270	268 113
Andre ytingar	4 243	4 916
Sum	1 883 829	1 808 049
Gjennomsnittleg tal på tilsette	5	5

Godtgjersler	Lønn	Andre godtgjersler
Dagleg leiar	319 439	0
Styret	0	25 000
Revisor		

Revisjonshonoraret for 2004 utgjer 25 202. I tillegg kjem andre tenester med 4 000. Alle beløp er inklusiv mva.

Note 5 - Varige driftsmidlar

Inventar, verktoy, kontormaskiner ol	
Kostpris 01.01.2004	48 484
Driftsmidlar kjøpt i året	110 151
Kostpris 31.12.2004	158 635
Akk. avskr./nedskr. 01.01.2004	11 024
Akk. avskrivningar 31.12.2004	41 068
Bokført verdi 31.12.2004	117 567
Avskrivning i året	30 044
Økonomisk levetid	3-5 år
Avskrivningsplan	Lineær



■ Statsautoriserte revisorer
Ernst & Young AS

Lars Hillesgate 20A
Postboks 6163 Postterminalen
N-5892 Bergen

■ Foretaksregisteret:
NO 976 389 387 MVA

Tel.: 55 21 30 00
Faks: 55 21 30 01/55 21 30 02
www.ey.no

Medlemmer av Den norske Revisorforening

Til årsmøtet i
VESTLANDSKE TEATERSENTER

Revisjonsmelding for 2004


Vi har revidert årsrekneskapen for Vestlandske Teatersenter for rekneskapsåret 2004 som syner eit årsoverskot på kr 180 278 . Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret for selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk i Noreg. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og internkontrollsystema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember,2004 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapsskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Bergen, 2.mars 2005
ERNST & YOUNG AS


Frank Eithun Helland
statsautorisert revisor

■ Arendal, Bergen, Bø, Drammen, Fosnavåg, Fredrikstad, Holmestrand, Horten, Hønefoss, Kongsberg, Kragerø, Kristiansand, Larvik, Levanger, Lillehammer, Moss, Måløy, Notodden, Oslo, Otta, Porsgrunn/Skien, Sandefjord, Sortland, Stavanger, Steinkjer, Tromsø, Trondheim, Tønsberg, Vikersund, Ålesund

Styret, valnemnd og revisor

Styret, valnemnd og revisor

STYRET

Styreleiar	Yngve Seterås	
Styremedlem/nestleiar	Beate Solvik	foreldrepraesentant
Styremedlem	Kari Mjaaland Heggstad	ekstern representant
Styremedlem	Berit Snøan	SOF-teater (medlemmer)
Styremedlem	Jan-Christian Kolstø	oppnemnt av Bergen kommune
Styremedlem	Frøydis Flotve	representant for dei tilsette

Varamedlem

Kari Hop Skiftesvik
Kjerstin Tønseth
Camilla Svingen

Frå administrasjonen

(tale og forslagsrett, ikkje stemmerett): Annicke Gill Haukås, Steinar Thorsen og Frøydis Otre

Valnemnd

Camilla Svingen
Steinar Thorsen
Marianne Hovda Gausvik

REVISOR

Alf Gunnar Bortne - Ernst & Young

VTs representasjon:

Hordaland Teater	Annicke Gill Haukås	styremedlem
Norsk Teaterråd	Frøydis Otre	vararepresentant

8

Personalet

Vestlandske Teatersenter hadde i 2004 5 fast tilsette:

NAMN	TITTEL	ARBEIDSOPPGÅVER
Annicke Gill Haukås	Kunstnarleg leiar	Ansvarleg for kunstnarleg drift og prosjekt.
Steinar Thorsen (Vikar for A.G.Gill f.o.m. mars)	Konst.kunst.leiar	Ansvarleg for kunstnarleg drift og prosjekt.
Frøydis Otre	Administrativ leiar	Ansvarleg for adm.drift og prosjekter; informasjon og pressekontakt.
Frøydis Flotve	Teaterpedagog og undervisningskoordinator	Underviser på Teaterskolen og held kurs. Medverkar i produksjonsutvikling og som skodespelar.
Kristin Saltkjelvik	Teaterpedagog	Underviser på Teaterskolen og held kurs. Medverkar i produksjonsutvikling og som skodespelar.
Camilla Svingen f.o.m. 16/11-04	Teaterpedagog	Underviser på Teaterskolen og held kurs. Medverkar i produksjonsutvikling og som skodespelar.
Almin Suljevic Vikar for C.Svingen 1/1 - 15/11-04.	Teaterpedagog	Underviser på Teaterskolen og held kurs. Medverkar i produksjonsutvikling og som skodespelar.



FRILANSARAR OG TIMELÆRARAR 2004:

Bengt Florvåg
Helge Jordal
Marte Synnevåg
Tor Halvor Halvorsen
Tarjei Vatne
Johanne Magnus
Øyvind Greve
Snimer Bhogal
Jan Thue
Tormod Løvold

Edvin Østvik
Jostein Stalheim
Rosalind Johannesen
Yngve Seterås
Anna Blekastad Watson
Margareth Hosøy
Karina Hagesæter Nytnun
Maria D.S. Eriksen
Tor Martin Eriksen
Kate Elin Lid

Helga Golten
Knut Vaage
Rolf Olsen
Stig Holmås
Astrid Koppen Mjanger
Sissel Berit Ruste
Ingvill Rosenlund
Dag Olav Larsen
Tone Solerød
Viktorija Rudyte

TEATERPRODUKSJONAR I REGI AV VESTLANDSKE TEATERSENTER

Teatergrupper	*Tal på aktørar/deltakarar			Tal på framsyningar	Publikumstal
	Barn	Unge	Vaksne		
Kong Hørkelpørkel i Birkeland Kirke	25		1	3	320
Teaterskolen Gruppe 1: Trolletrall og hekseball	15			1	60
Teaterskolen Gruppe 2: Visste du at?	16			1	73
Teaterskolen Gruppe 3: Ludvig og jeg	18			3	650
Teaterskolen Gruppe 4: Såpeopera	20			2	100
Teaterskolen Gruppe 5: Revyl!	20			2	140
Teaterskolen Gruppe 6: Klin kokos	19			2	120
Teaterskolen Gruppe 7: Midt i mellom	19			2	110
Teater Ung: Samfundets støtter	15			3	148
13 barnehagar og ein skole + elevar frå TS og vaksne amatørar: Bilder fra Bjørgvin	207	6	37	1	1200
Tor med hammaren			1	36	2716
Hvem har tatt min venstre sko?	12	5	11	10	1750
Kong Hørkelpørkel i Nykirken	24		1	3	450
Teaterskolen Teater Ung: Hvem har stjålet Skrik?		8		2	130
Teaterskolen Gruppe 7: Norske sagn og skrømtelhistorier		18		1	80
Teaterskolen Gruppe 6: Dukken og Togstasjonen		20		1	50
Teaterskolen Gruppe 5: Teaters portforestillinger		20		1	80
Teaterskolen Gruppe 4: En snauklippt historie	22			2	160
Teaterskolen Gruppe 3: Teaters portforestillinger	18			1	75
Teaterskolen Gruppe 2: Tro, håp og kjærlighet / kjærlighetsproblemer	18			1	80
Teaterskolen Gruppe 1: Smaragdkoggen	14			1	80
TOTALT	482	77	51	79	8572

SENTRALE KURS 2004

Kurstema/tittel	Sted	Dato	* Antall deltakere			Antall timer	Antall døgn
			Barn	Unge	Voksne		
Bilder fra Bjørgvin	Barnas Hus	13/16.02			17	6	
Fortellerkurs	Våkleivbrotet barnehage	06.02		2	18	6	
Kong Hørkelpørkel	Birkeland menighet	Uke 4+5	25		3	28	
Kirkevoll revy	Kirkevoll Skole	Mai / juni	340	325	32	30	
Museumskurs LIR	Vestl.Kunstind. museum	13,15,20 januar		3	4	20	
Teaterskolen for barn og unge, gruppe 1	VT, Bergen	Januar / Mai	14			24	15
Teaterskolen for barn og unge, gruppe 2	VT, Bergen	Januar / mai	16			30	15
Teaterskolen for barn og unge, gruppe 3	VT, Bergen	Januar / mai	18			40	20
Teaterskolen for barn og unge, gruppe 4	VT, Bergen	Januar / mai	20			40	20
Teaterskolen for barn og unge, gruppe 5	VT, Bergen	Januar / mai	20			36	18
Teaterskolen for barn og unge, gruppe 6	VT, Bergen	Januar / mai		20		40	18
Teaterskolen for barn og unge, gruppe 7	VT, Bergen	Januar / mai		20		60	20
Teaterskolen for barn og unge, gruppe 8	VT, Bergen	Januar / mai		14		60	20
Sminkekurs	Lindås UL	mars		5	10	3,5	
teatersport	Barnas Hus	28.august		8	4	4	
Skuespillteknikk	Fitjar	17-18.09			16	6	
Skuespillteknikk	Fitjar	17-18.09			16	6	
Skuespillteknikk	Fitjar	17-18.09			16	6	
Skuespillteknikk	Fitjar	17-18.09			16	6	
Sminkekurs	Fitjar	17-18.09			14	6	
Teaterskolen for barn og unge, gruppe 1	VT, Bergen	sept./ desember	15			25,5	17
Teaterskolen for barn og unge, gruppe 2	VT, Bergen	sept. / desember	18			34	17
Teaterskolen for barn og unge, gruppe 3	VT, Bergen	sept./ desember	18			34	17
Teaterskolen for barn og unge, gruppe 4	VT, Bergen	sept./ desember	22			34	17
Teaterskolen for barn og unge, gruppe 5	VT, Bergen	sept./ desember	20			34	17
Teaterskolen for barn og unge, gruppe 6	VT, Bergen	sept./ desember		20		34	17
Teaterskolen for barn og unge, gruppe 7	VT, Bergen	sept./ desember		20		48	16
Teaterskolen for barn og unge, gruppe 8	VT, Bergen	sept./ desember		14		80	20
Museumsformidling 1	Bergen Museum	21-22.10			11	12	
Museumsformidling 2	Bergen Museum	4 -5.11			11	12	
Barn og teater	Åsane Folkehøgskole	29.10		5	16	2	
Barne- og ungdomsteater	Barnas Hus	12.10		35	3	2	
Fra idé til forestilling	Baldersheim	2.10	12	12	5	6	
Kong Hørkelpørkel	Birkeland menighet	11-24.10	24		1	32	
Skuespiller kurs	Bømloteateret	6-7.11			12	14	
Tekstkurs for revy	Lysefjorden revygruppe	27/10 + 3/11			10	4	
VETLU modul 1	Førde Ungdomslag	20 + 21/11		1	7	12	
Regikurs	Stranda Skule	30/12	40		3	3	
Revykurs	Blokkhaug skole	Nov./ des.		40	5	40	
Skuespillerkurs	Valestrand Skule	Nov./des.	15	17	4	12	
Vi lager revy – kurs	Kirkevoll skole	Sept-des	7	8		76	
TOTALT			582	504	242	314	284

Aktivitetar i 2004

Museumsformidling

I 2004 mottok Vestlandske Teatersenter støtte frå Hordaland fylkeskommune til gjennomføring av dramakurs for museumsformidlarar. Kursrekka starta opp hausten 2004, med representantar frå følgjande institusjonar:

Bergen Museum	Bryggen Museum
Det hanseatiske museum	Nordsjøfartmuseet
Hordamuseet	Hardanger folkemuseum
Trikotasjemuseet	Barnas Hus

Bergen kunstmuseum

Tilbakemeldinga frå kursdeltakarane har vore særst god, og resultatet i nye spanande samarbeidsprosjekt mellom VT og museer.

Teaterskolen

Juleavslutning

Juleavslutninga gjekk av stabelen 11. og 12. desember og samtlige gruppe på skolen hadde arbeidsvisingar for fullsette salar. Programmet besto i alt frå skygge-/Dokketeater til teatersport, monologar, commedia dell'arte og lærar i rolle.

Teater Ung

Den eldste gruppa med elevar på Teaterskolen "Teater Ung" brukte hausten til å jobba fram framsyninga "Hvor er skrik?" Framsyninga blei særst vellukka, og kombinasjonen Figur/skuggeteater gav ein fin oppleving. Denne framsyninga blir eit av bidraga

frå Vestlandske Teatersenter til Barne- og ungdomsteaterfestivalen på Stord våren 2005.

Produksjonar

"Hvem har tatt min venstre sko?"

Årets største satsing for VT var framsyninga "Hvem har tatt min venstre sko?" i Gamle Bergen Museum. Det var stor spenning knytte til denne framsyninga, som totalt hadde 4 profesjonelle skodespelarar, 4 vaksne statistar, 17 barn frå VT sin Teaterskole og 3 musikarar. Det tok oss 4 år å realisera draumen om vandreteater i Gamle Bergen. Resultatet var verd ventetida!

"Tor med hammaren"

Framsyninga som tek utgangspunkt i norrøn mytologi vart ei stor suksess også i 2004. Etter 36 framsyningar for totalt 2716 tilskodarar, seier "Tor med hammaren" takk for seg og overlet scenen til nye framsyningar.

Nye produksjonar

"Jenta i treet" er ei framsyning for barn i alderen 5 - 12 år. Planlegginga starta hausten 2004 med premiere i februar 2005. Manuset er av Staffan Göthe, og 4 skodespelarar frå VT deltar.

"Bjelleklang" er ei framsyning for dei aller minste (1 - 3 år). Framsyninga blei utvikla hausten 2004 av våre teaterpedagogar.

Medlemsorganisasjonar

Følgjande lag / organisasjonar var medlemmer hos Vestlandske Teatersenter i 2004:

Markane ungdomslag, 6783 Stryn
Søre Neset Ungdomslag, Håvardsvegen 55, 5200 Os
Viksdalen Ungdomslag, 6978 Viksdalen
Teatergruppen Maxumi, Frydenbølien 5A, 5161 Laksevåg
Solund ungdomslag, P.b. 60, 6921 Hardbakke
Melandsrevyen, Erstad, 5918 Frekhaug
Byrknes Teaterteam, Byrknes, 5970 Byrknesøy
Askøyteateret, N.Haugland, 5314 Kjerrgarden
Stord kommune, Kulturhuset, P.b. 414, 5403 Stord
SOF-Teater, P.b. 324, 6801 Førde
Postens Revygruppe, P.b. 912 Sentrum, 5808 Bergen
Sotra Teaterlag, Vindenes, 5363 Ågotnes
Lindås Ungdomslag, P.b. 29, 5955 Lindås
Studentteateret Immaturus, Olav Kyrresgt. 53, 5015 Bergen
Skogstjerna Ungdomslag, 6985 Atløy
Haugesund Mållag og Ungdomslag, P.b. 569, 5501 Hauge-sund
Kvam Revyteater, Øvre Vik 3, 5610 Øystese
Bygstad Ungdomslag, 6977 Bygstad
Os Bygdakunstlag, Dalsvegen, 5217 Hagavik
Fitjar Teaterlag, 5419 Fitjar
Førde Ungdomslag, Strømø, 5554 Valevåg
Turboteateret, Frydenbøveien 33, 5161 Laksevåg

Det var registrert 156 personar som enkeltmedlemmar.

Vedtekter for Vestlandske Teatersenter

11

§ 1 Formål

- Vestlandske Teatersenter (heretter forkorta til VT) skal vere eit kompetanse og opplæringscenter for teater, med særskilt ansvar for barn og unge.
- VT skal auke kunnskapen om teater og drama gjennom kurs og utdanningstilbod.
- VT skal arbeide for god scenekunst, fremje ny norsk dramatik.
- VT har ansvar for å ta vare på nynorsk språk og talemål.
- VT med sete i Bergen skal ha sine hovudaktivitetar i Hordaland og på Vestlandet. På område der ein har særskilt kompetanse skal VT ha heile landet som verkefelt.

§ 2 Medlemskap

- VT er ein frivillig organisasjon der einskildpersonar, frivillige lag, offentlege og private verksemder kan vere medlemmar.
- Elevar på Teaterskolen under 15 år kan representerast av ein av foreldra/føresette med ei røyst på årsmøtet. Foreldre/føresette som representerar sine barn har berre ei røyst uavhengig av Antal barn dei har på Teaterskolen
- Medlemmane har røysterett på årsmøtet etter følgjande nøkkel: Einskildpersonar over 15 år, ei røyst. Frivillige lag har to røyster; offentlege og private institusjonar tre røyster.
- For å ha røysterett må kontingenten vere innbetalt seinast 30 dagar før årsmøtet.
- Utsendingar frå frivillige lag, offentlege og private institusjonar må dokumentere representasjonsretten sin med fullmakt.

§ 3 Årsmøtet

- Årsmøtet er høgaste organet i VT
- Årsmøtet skal haldast innan utgangen av april måned kvart år
- Røysterettar og fullmakter for delegatane til årsmøtet er

- definert i paragraf 2
- d) Kwart årsmøte avgjer om det er saker der det skal gjerast avgrensingar i røysteretten.
 - e) Framlegg frå medlemmane til saker som skal opp på årsmøtet må vere kome inn til administrasjonen/styret innan 1. februar.
 - f) Innkalling til årsmøtet skal kunngjerast til medlemmane seinast 30 dagar før møtet vert gjennomført.
 - g) Innkallinga skal innehalde: Dagsorden og naudsynt skriftleg underlagsmateriale til dei sakene som skal handsamast på årsmøtet.
 - h) Årsmøtet kan berre handsame dei sakene som er nemnt i innkallinga.
 - i) Følgjande saker skal handsamast på eit ordinært årsmøte:
 - β Årsmelding og revidert rekneskap.
 - β Fastsetje medlemskontingent for neste år.
 - β Handlingsplan og budsjett for neste år.
 - β Val.
 - j) Årsmøtet skal velje:
 - β Styreleiar for eitt år
 - β ein styremedlem og ein vararepresentant blant medlemmane for ein valperiode på to år slik at ein styre medlem og vararepresentant står for val ved kvart årsmøte.
 - β ein styremedlem med personleg vara som representerer foreldra til elevane på Teaterskolen for ein valperiode på to år.
 - β tre medlemmar til valnemnda for eitt år
 - k) revisor for rekneskapen når det er turvande.
 - l) Alle saker på årsmøtet; med unntak av vedtektsendringar, kan avgjerast med enkel majoritet.

§ 4 Ekstraordinært årsmøte

- a) Det skal innkallast til ekstraordinært årsmøte dersom det blir kravd frå: ordinært årsmøte, styret eller minst 1/3 av medlemmane.
- b) Innkallinga skal skje med minst 14 dagars varsel.
- c) Ekstraordinært årsmøte skal berre handsame dei sakene som er sett opp i innkallinga.

§ 5 Styret

- a) Styret er på 7 personar.
- b) Styret er samansett slik:
 - Styreleiar og to representantar som er valde av eit årsmøte.

- Ein representant frå foreldra til elevane ved Teaterskolen og som er vald på eit årsmøte.
- Ein representant peika ut av Hordaland Fylkeskommune.
- Ein representant peika ut av Bergen kommune.
- Ein representant peika ut av dei tilsette.
- c) Dei oppnemnde medlemmene frå Hordaland Fylkeskommune, Bergen kommune og dei tilsette har personleg vara,
- d) Det står fritt for fylket og kommunen til å endre på representasjonen når det høver for dei, utan omsyn til årsmøte i VT.
- e) Styret er vedtaksført når minst 4 medlemmer er til stades.
- f) Styret har ansvar for å leie laget i samsvar med vedtektene og dei vedtak årsmøtet gjer.
- g) Styret skal seg imellom velje nestleiar og oppnemne eit Arbeidsutval, og gje Arbeidsutvalet naudsynte fullmakter.
- h) Dei tilsette sin representant i styret skal vere med i Arbeidsutvalet.
- i) Ved likt røystetal har styreleiar rett til å nytte si dobbelrøyst.

§ 6 Økonomi, forvaltning og revisjon

- a) Rekneskapen i VT følgjer kalenderåret
- b) Styret har ansvar for at rekneskapen vert bokført etter godkjende prinsipp.

§ 7 Vedtektsendringar

- a) Framlegg til endringar i vedtektene må vere styret/administrasjonen i hende seinast 1 februar.
- b) Framlegg til endringar i vedtektene skal sendast ut til medlemmane seinast 30 dagar før årsmøtet.
- c) Endringar i formåls- og endrings- og oppløysingsparagrafen (§1, § 7 og §8) krev fleirtal på eit årsmøte.
- d) Andre endringar i vedtektene krev 2/3 fleirtal på eit årsmøte.
- e) Endringane trår i kraft frå det tidspunktet som årsmøtet fastset.

§ 8 Oppløysing

- a) Framlegg om oppløysing av VT krev _ fleirtal på to påfølgjande årsmøte; eitt av desse skal vere ordinært årsmøte.
- b) Dersom det vert gjort gyldig vedtak om oppløysing, skal det oppnemnast eit avviklingsstyre, som i samråd med Hordaland Fylkeskommune skal arbeide for at eventuelle midlar som måtte vere til overs vert nytte til beste for kulturtiltak på Vestlandet etter føremålet som VT har arbeidd for.



Vestlandske Teatersenter
Bredalsmarken 15, 5006 Bergen
Tlf. 55 90 47 30
Faks. 55 90 47 31
E-post: adm@teatersenter.no
www.teatersenter.no

Redaktør: Frøydis Otre
Foto: Bilder fra VT og VTs medlemmer
Form/prod./trykk: Symbolon Media, www.symbolon.no